Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

**Enheten**

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 915 613 020 |
| Organisasjonsform: | Aksjeselskap |
| Foretaksnavn: | VISIT JOTUNHEIMEN AS |
| Forretningsadresse: | Bergomsvegen 17<br>2686 LOM |

**Regnskapsår**

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2020 - 31.12.2020 |

**Konsern**

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

**Regnskapsregler**

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Ja |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Marit Tangvik |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 07.06.2021 |

**Grunnlag for avgivelse**

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 08.06.2022

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREKNESKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Salgsinntekt | | 981 679 | 966 993 |
| Annen driftsinntekt | | 586 771 | 630 000 |
| **Sum inntekter** | | **1 568 451** | **1 596 993** |
| **Kostnader** | | | |
| Varekostnad | | 21 511 | 3 956 |
| Lønnskostnad | 1 | 1 003 314 | 899 989 |
| Avskrivning på varige driftsmidler | 2 | 33 247 | 35 691 |
| Annen driftskostnad | | 516 971 | 658 176 |
| **Sum kostnader** | | **1 575 043** | **1 597 812** |
| **Driftsresultat** | | **-6 593** | **-819** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Anna renteinntekt | | 770 | 728 |
| **Sum finansinntekter** | | **770** | **728** |
| Annan rentekostnad | | 119 | 136 |
| **Sum finanskostnader** | | **119** | **136** |
| **Netto finans** | | **651** | **592** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **-5 942** | **-226** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 3 | -3 706 | 731 |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **-2 236** | **-957** |
| **Årsresultat** | | **-2 236** | **-957** |
| **Årsresultat etter minoritetsinteresser** | | **-2 236** | **-957** |
| **Overføringar og disponeringar** | | | |
| Overføringer annen egenkapital | 6 | -2 236 | -957 |
| **Sum overføringar og disponeringar** | | **-2 236** | **-957** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| Konsesjoner, patenter, lisenser o.l. | 2 | | 16 400 |
| **Sum immaterielle eigedelar** | | | **16 400** |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm. | 2 | 46 200 | 21 000 |
| **Sum varige driftsmiddel** | | **46 200** | **21 000** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **46 200** | **37 400** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| **Varer** | | | |
| Varer | | 58 935 | 17 418 |
| **Sum varer** | | **58 935** | **17 418** |
| **Krav** | | | |
| Kundefordringer | | 4 335 | |
| Andre kortsiktige fordringer | | 34 139 | 22 428 |
| **Sum krav** | | **38 474** | **22 428** |
| **Bankinnskot, kontantar og liknande** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | 4 | 551 907 | 635 059 |
| **Sum bankinnskot, kontantar og liknande** | | **551 907** | **635 059** |
| **Sum omløpsmiddel** | | **649 317** | **674 905** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **695 517** | **712 305** |
| **BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Aksjekapital | 5,6 | 259 456 | 231 078 |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| Ikke registrert aksjekapital | | | 8 108 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **259 456** | **239 186** |
| | | | |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | 6 | 103 948 | 106 184 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **103 948** | **106 184** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital** | | **363 404** | **345 370** |
| | | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **0** | **0** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 37 342 | 109 671 |
| Betalbar skatt | 3 | | 731 |
| Skyldig offentlige avgifter | | 177 293 | 172 645 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 117 477 | 83 888 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **332 113** | **366 935** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **332 113** | **366 935** |
| | | | |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **695 517** | **712 305** |

Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

| | |
|---|---|
| Journalnummer: | 2021 436796 |

## Enheten

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 915 613 020 |
| Organisasjonsform: | Aksjeselskap |
| Foretaksnavn: | VISIT JOTUNHEIMEN AS |
| Forretningsadresse: | Bergomsvegen 17<br>2686 LOM |

## Regnskapsår

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2020 - 31.12.2020 |

## Konsern

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

## Regnskapsregler

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Ja |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

## Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Marit Tangvik |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 07.06.2021 |

## Revisjon

| | |
|---|---|
| Selskapet har besluttet at årsregnskapet ikke skal revideres: | Ja |
| Årsregnskapet er utarbeidet av ekstern autorisert regnskapsfører: | Ja |
| Ekstern autorisert regnskapsfører har i løpet av regnskapsåret bistått ved den løpende regnskapsføringen eller utført andre tjenester for selskapet enn å utarbeide årsregnskapet: | Ja |

## Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020.

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 17.06.2021

**Brønnøysundregistrene**
Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund
Telefon: 75 00 75 00
E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no
Organisasjonsnummer: 974 760 673

**Organisasjonsnr: 915 613 020**
**VISIT JOTUNHEIMEN AS**

## RESULTATREGNSKAP

| Beløp i: NOK | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREKNESKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Salgsinntekt | | 981 679 | 966 993 |
| Annen driftsinntekt | | 586 771 | 630 000 |
| **Sum inntekter** | | **1 568 451** | **1 596 993** |
| **Kostnader** | | | |
| Varekostnad | | 21 511 | 3 956 |
| Lønnskostnad | 1 | 1 003 314 | 899 989 |
| Avskrivning på varige driftsmidler | 2 | 33 247 | 35 691 |
| Annen driftskostnad | | 516 971 | 658 176 |
| **Sum kostnader** | | **1 575 043** | **1 597 812** |
| **Driftsresultat** | | **-6 593** | **-819** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Anna renteinntekt | | 770 | 728 |
| **Sum finansinntekter** | | **770** | **728** |
| Annan rentekostnad | | 119 | 136 |
| **Sum finanskostnader** | | **119** | **136** |
| **Netto finans** | | **651** | **592** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **-5 942** | **-226** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 3 | -3 706 | 731 |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **-2 236** | **-957** |
| **Årsresultat** | | **-2 236** | **-957** |
| **Årsresultat etter minoritetsinteresser** | | **-2 236** | **-957** |
| **Overføringar og disponeringar** | | | |
| Overføringer annen egenkapital | 6 | -2 236 | -957 |
| **Sum overføringar og disponeringar** | | **-2 236** | **-957** |

**Organisasjonsnr: 915 613 020**
**VISIT JOTUNHEIMEN AS**

## BALANSE

| Beløp i: NOK | Note | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| Konsesjoner, patenter, lisenser o.l. | 2 | | 16 400 |
| **Sum immaterielle eigedelar** | | | **16 400** |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm. | 2 | 46 200 | 21 000 |
| **Sum varige driftsmiddel** | | **46 200** | **21 000** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **46 200** | **37 400** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| **Varer** | | | |
| Varer | | 58 935 | 17 418 |
| **Sum varer** | | **58 935** | **17 418** |
| **Krav** | | | |
| Kundefordringer | | 4 335 | |
| Andre kortsiktige fordringer | | 34 139 | 22 428 |
| **Sum krav** | | **38 474** | **22 428** |
| **Bankinnskot, kontantar og liknande** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter o. l. | 4 | 551 907 | 635 059 |
| **Sum bankinnskot, kontantar og liknande** | | **551 907** | **635 059** |
| **Sum omløpsmiddel** | | **649 317** | **674 905** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **695 517** | **712 305** |
| **BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Aksjekapital | 5,6 | 259 456 | 231 078 |
| Ikke registrert aksjekapital | | | 8 108 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **259 456** | **239 186** |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | 6 | 103 948 | 106 184 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Sum opptent eigenkapital** | | **103 948** | **106 184** |
| **Sum eigenkapital** | | **363 404** | **345 370** |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **0** | **0** |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 37 342 | 109 671 |
| Betalbar skatt | 3 | | 731 |
| Skyldig offentlige avgifter | | 177 293 | 172 645 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 117 477 | 83 888 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **332 113** | **366 935** |
| **Sum gjeld** | | **332 113** | **366 935** |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **695 517** | **712 305** |

**Organisasjonsnr: 915 613 020**
**VISIT JOTUNHEIMEN AS**

## NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP

- alle poster oppgitt i hele tall

**Note**

**Rekneskapsprinsipp**

**Note**

**Tal på aksjar og aksjeeigarar**

| Aksjeklasse | Ant. aksjar | Pålydande | Bokførd verdi |
|---|---|---|---|
| Ordinære aksjer | 64.00 | 4054.00 | 259456.00 |

| Aksjeeigare - fritekst | Antall | Eigarpart | Aksjeklasse |
|---|---|---|---|
| Øvrige aksjonærer | 64.00 | 100.00% | Ordinære aksjer |

| Sum | Sum antall | Sum eigarpart |
|---|---|---|
| | 64.00 | 100.00% |

**Ytingar til dagleg leiar**

| Ytingar | Lønn | Pensj.plikt | Andre godtgj. |
|---|---|---|---|
| | 500100.00 | | 3256.00 |

Det har vært skifte av daglig leder i løpet av regnskapsåret, dette er totalsummen for disse to.

**Note**

**Antall årsverk i regnskapsåret**

**Verksemda har hatt følgjende tal på årsverk:**
2.00

**Note**

**Lån og sikkerheitsstilling til leiande personar**

Er det gitt lån eller sikkerheitsstilling til leiande personar: Nei

VISIT JOTUNHEIMEN

# ÅRSBERETNING 2020

Visit Jotunheimen AS



*VISJON*
*«Vi vil skape meirverdi til gjesten via meiningsfulle opplevingar, og for medlemmane via lønsemd».*

VISIT JOTUNHEIMEN AS
ved dagleg leiar Marit Tangvik
Mai 2021

## INNHALD

1: Inneliing ........ 2
Verksemda si art og lokalisering ........ 2
2: Strategi og arbeidsområder ........ 2
Strategi ........ 2
Arbeidsområder ........ 2
3: Marknadsføring ........ 3
Marknadsplan 2021 ........ 3
Marknadsføringsaktivitet ........ 4
4: Aksjonærar OG STØTTEMEDLEMMAR ........ 6
5: Turistsesongen 2020 ........ 7
6: Turistinformasjonen i Lom ........ 7
7: Samarbeid ........ 9
8: Styret ........ 10
Styret sitt arbeid ........ 10
9: Organisasjon ........ 11
10: Rekneskap 2020 ........ 13
11: Budsjett 2021 ........ 13

## 1: INNELIING

### VERKSEMDA SI ART OG LOKALISERING

Visit Jotunheimen AS er eit reisemålselskap for Lom, Jotunheimen og omland, oppretta av den lokale turistnæringa i Lom, 29. mai 2015. Aksjonærane i selskapet består av handels- og reiselivsbedrifter og alle eig ei aksje i selskapet.

Selskapet sitt arbeidsområde er felt ned i formålsparagrafen i vedtektene:

*«Å drive turistinformasjon og marknadsføring av Lom og Jotunheimen finansiert gjennom servicebidrag frå aksjonærane og eventuelle tilskot. Vera prosjektdrivar for reiselivsutvikling med marknadsføring og produktutvikling der prosjekta er finansiert gjennom eigenbetaling frå prosjektdeltakarane og eventuelle tilskot».*

Frå sommaren 2020 har både kontor og turistinformasjon vore lokalisert på Nilsbue, midt i Lom sentrum. Her har vi nyoppussa lokaler med to faste kontorplasser og moglegheit for møter, i tillegg til turistinformasjon med eit utsal av litt turartiklar.

## 2: STRATEGI OG ARBEIDSOMRÅDER

### STRATEGI

- Visit Jotunheimen skal arbeide målretta for å auke turisttrafikken i området og dermed auke omsetninga til kvar enkelt medlemsbedrift.
- Eit grunnleggande mål for Visit Jotunheimen er å få best mogleg effekt ut av dei ressursane vi til ein kvar tid disponerar.
- Vi skal legge til rette for at det skal vere enkelt å velje Lom og Jotunheimen som reisemål via marknadsføring med fokus på nettverksbygging, gode nettløysingar og samarbeidsalliansar.
- Vi skal bidra til at kvaliteten på bedriftene sitt produkt og eiga marknadsføring blir betre.
- Vi skal følgje med på utviklingstrender og halde oss oppdatert på tilgjengeleg teknologi, og sørge for at dei produkta og tenestene vi leverer er mest mogleg berekraftige.

### ARBEIDSOMRÅDER

Visit Jotunheimen sine primærprodukt er unike natur-, kultur-, og matopplevingar i regionen. Selskapet skal synleggjere moglegheita for å kombinere desse ulike opplevingane - for å få gjesten til å bli i området over fleire dagar.

*Jotunheimen er vår «identitet» og vårt viktigaste trekkplaster.*

# 3: MARKNADSFØRING

## MARKNADSPLAN 2021

Innhaldet i strategiplanen vart godkjent under ekstraordinære generalforsamling på Norsk fjellsenter den 25. oktober 2018, og er berekna for perioda 2019 – 2021. Det vil i 2021 utarbeidast ny strategiplan for 2022-2024.

Selskapet sitt forslag til marknadsplan for 2021 vart i tråd med vedtektene, godkjend under selskapet si ekstraordinære generalforsamling på Skjåk Turistheim den 27. oktober 2020, og er lagt til grunn for det forberedande marknadsarbeidet for driftsåret 2021.

Medan strategien seier noko om kva for retning Visit Jotunheimen skal ha, skal marknadsplanen gje ei oversikt over selskapet sine eigne aktivitetar, samt sals- og marknadsretta tiltak der vi samarbeider med eksterne aktørar.

Målet med planen er å gje aksjonærar og selskapet eit rammeverktøy for det kommande året, og å gje informasjon og forståing for tiltak der vi opptrer i marknaden på vegne av fellesskapet.

Strategi- og marknadsplanen som gjeld for 2021 skal sikre god profilering av aksjonærane og auka aktivitet på reisemålet innanfor dei vedteke budsjettrammene. Det vert utforma konkrete planar for kvart enkelt prosjekt etter kvart som dei vert oppretta.

Selskapet oppfordrar gjennom sitt arbeid til auka bruk av fjellet og naturen, og betre informasjon om, og tilgang til kulturtilboda i Lom og omland. Vi arbeider aktivt for å trekke fleire besøkande til vårt område. Aksjonærane sine bedrifter bidreg og til ein samfunnsgevinst i form av helsefremmande aktivitetar i fjellheimen.



*Haust i Jotunheimen – Foto: Ove Nestvold*

## MARKNADSFØRINGSAKTIVITET

Mykje av markedsaktiviteten består i å vere aktivt til stades i sosiale medier med profilering av området gjennom aktivitetsforslag, flotte bilete og film. Filmsatsninga har vore spesielt prioritert i 2020 - for å sikre fleire følgjarar i sosiale medier, og marknadsføre området på best mogleg måte. Vi har og sett ein god effekt av å arrangere konkurransar på våre kanalar i sosiale medier. Gjennom høgsesongen vert det gjeve informasjon gjennom selskapet sine nettsider, ulike sosiale medier og gjennom fast vertskap i turistinformasjonen.

Målet er at denne informasjonsaktiviteten skal bidrage til fleire gjestedøgn og auka verdiskaping for heile næringslivet i området – noko vi har gode indikatorar på at vi lukkast med. Den generelle informasjons– og marknadsaktiviteten vert produsert av selskapet sin administrasjon ved dagleg leiar i 100% stilling og fjellselgjar i 50% stilling (dagleg leiar i 50% stilling og fjellseljar i 100% stilling frå september 2020) og denne er finansiert gjennom næringsbidrag frå aksjonærane og årleg støtte frå Lom kommune.

Selskapet har prioritert marknadsaktivitetar som er interesse- og motivasjonsbasert mot dei som generelt søkjer natur-, kultur- og matopplevingar. Dette inkluderer alt frå aktive par med og utan born, einslege, pensjonistar, skiløparar (randonée/topptur), og kurs- og konferansemarknaden. Selskapet ynskjer gjennom sine aktivitetar å nå ut til bredden av aldersgrupper og segment.

## KAMPANJER

Marknadsaktivitetane vert forsterka gjennom meir målretta kampanjar. Kampanjene vert finansiert gjennom kampanjebidrag frå dei aksjonæranen som deltek i kampanja.

Visit Jotunheimen har hovudsakleg gjennomført ei kampanje i løpet av 2020: Toppturkampanje, samt ei mindre satsing for auka digital handel og bruk av gåverkort inn mot jula 2020. Totalt var det 16 deltakarbedrifter som bidrog til toppturkampanja for 2020, med eit samla budsjett på kr. 97 000,-. Kampanja hadde eit resultat på kr. 11 928,-. Koronapandemien og påfølgjande nedstenging i midten av mars førte dessverre til at fleire av deltakararbedriftene vart nøydde til å stengje i løpet av toppturesongen. Dette er noko vi tek med oss til 2021, slik at vi kan sikre at dei som er med på kampanjen får utteljing for dei midlane dei bidreg med.

Visit Jotunheimen vil vidareføre marknadskampanja retta mot toppturesongen i 2021.



*Sokse, Leirbrean – Foto: Marit Tangvik*

## FILMSATSING

Filmar er viktige verkemiddel både i kampanjer og i generell marknadsføring av området.

Per 2020 har Visit Jotunheimen publisert om lag 130 kortfilmar på Facebook, der nesten samtlege filmar er eigenproduserte. Dagleg leiar har produsert fleire nye filmar i 2020, mellom anna turtips frå Bukkelægret, Galhdhøpiggen frå Spiterstulen, toppturfilm frå Vestre Tverrbottind og to "Mat på Bål" - filmar.

Det vart gjort opptak til filmen "Ein sommardag i Lom" i samarbeid med Lom kommune (Lom nasjonalparklandsby) sommaren 2020. Ola Rossehaug og dagleg leiar i Visit Jotunheimen har stått for foto, medan klypping og ferdigstilling av filmen vart utført av Andreas Nilsson. Lom kommune gjennom Lom nasjonalparklandsby stod for finansieringa av filmen, medan Visit Jotunheimen har bidrege med eigeninnsats i prosessen. Sommarfilmen vil bli publisert i forkant av sommarsesongen 2021, med mål om å påverke til fleire gjester til Lom og omegn.

Visit Jotunheimen kjem til å satse på meir produksjon av levande bilete framover, både med intern og ekstern arbeidskraft.



## ARRANGEMENTSKALENDER PÅ NETTSIDA

Hausten 2020 fekk vi implementert ein eigen arrangementskalender på www.visitjotunheimen.no.

Føremålet med arrangementskalenderen er å samle alle arrangement i området, og synleggjere aktivitetstilbodet ytterlegare, både for besøkjande og fastbuande. Aktivitetskalenderen bidreg óg til auka synlegheit og treff på Google. Kven som helst kan legge inn arrangement i kalenderen, men administrasjonen må kvalitetssikre og godkjenne arrangmenta innan dei vert publiserte. Pris for oppsett av kalenderen er kr. 21 060,- i tillegg inngår ein årleg driftskostnad på kr. 2 588,-.

## SOSIALE MEDIER

Det har i løpet av 2020 vore høg aktivitet i Visit Jotunheimen sine kanalar i sosiale medier. Innhald med tydelege bodskap er viktig for å fange folk si merksemd. Godt innhald skapar trafikk, og det gjer Visit Jotunheimen mellom anna ved å dele eigenproduserte videoar frå området, samt innlegg og informasjon frå medlemsbedrifter.

**Facebook** blir primært nytta som informasjonskanal med aktuelle oppdateringar frå regionen og vidareformidling av medlemmanes eigne postar. For å oppnå auka merksemd bør dette helst skje gjennom eigne innlegg som formidlar same bodskap. Facebook er og ein viktig kanal for å tiltrekkje seg nye kundar.

**Biletedelingstenesta Instagram** veks stadig i popularitet, og blir meir brukt som «oppdatert turistinformasjon». Instagram er ein viktig kanal og blir brukt til deling av inspirerande bilete frå området vårt.

---

*Vår marknadsføring av Lom og Jotunheimen på nettsider, Facebook og Instagram er avgjerande for å sikre fleire tilfredse gjestar. Vi har god synlegheit ut i frå våre investeringar*

---

**Følgjarar:** Ved årsskifte hadde Visit jotunheimen **21 229 følgjarar på Facebook**, mot 18 555 følgjarar per 11.12.19 (auke på 14,5%). Selskapet hadde **27 613 følgjarar på Instagram** ved årsskifte, mot 20 792 følgjarar per 11.12.19 (auke på 33%). Talet på følgjarar aukar stadig, som eit resultat av høgt aktivitetsnivå gjennom jamleg publisering av bilete, videoar og engasjerande innlegg kvar einaste veke. Stadig fleire vert påverka gjennom sosiale medier i reiseplanlegging, så dette er viktige tal med tanke på å nå ut til mange med våre eigne bodskap i desse kanalane.

Visit Jotunheimen skal i 2021 satse vidare på marknadsføring av området gjennom produksjon og distribusjon av marknadsføringsfilmar, produsert både med intern og ekstern arbeidskraft.



## 4: AKSJONÆRAR OG STØTTEMEDLEMMAR

Visit Jotunheimen AS hadde ved utgongen av 2020 totalt 64 aksjonærar beståande av handels- og næringsbedrifter i området. Desse har i 2020 gått inn med kr. 875 101,- i selskapet gjennom kampanjebidrag og årleg næringsbidrag som blir regna ut i frå totalomsetning.

I tillegg har Visit Jotunheimen AS fått med seg 7 bedrifter som **«støttemedlemmar»** i 2020. Dette er bedrifter som nyt godt av reiselivet i regionen, og som kan bidrage til å auke inntektsgrunnlaget for selskapet. Totalt utgjer det ei ekstra inntekt på kr. 43 000,-

Aksjonærane og dermed næringslivet i Lom er aktivt med i styringa av kampanjer og ressursbruk, og vi har ei sterk lokal forankring og korte beslutningsvegar mellom idé og løysing. Dette fører til at stadig fleire bedrifter er interesserte i å vere med på laget.

Selskapet har med 2020 gjennomført sitt 5. fulle driftsår, og har opplevd ei jamn auke i aksjonærmassen. Ein oppgang frå 37 aksjar ved etableringa i mai 2015 til dagens 64 aksjar tilsvarar **ei auke i talet på medlemmar på heile 72,97 %.**

## 5: TURISTSESONGEN 2020

Epidemien råka reiselivet også hjå oss hardt, og for fleire vart den viktige vårsesongen øydelagt. Året som heilskap, syner ein nedgong i kommersielle gjestedøgn i Lom på 20,3% , frå 178 000 til 141 800. Nord-Gudbrandsdalen som heilskap har ein nedgong på 19,3%, og Innlandet 22,1%. Nedgangen på landsbasis er på 32,6%.

Å samanlikne med regionar og nasjonale tal er utfordrande i året 2020, sidan andre regionar/kommunar kan ha hatt nedstengning i månadar kvar gjestedøgn uansett ikkje vert rapportert for Lom av konfidensialitetshensyn. Av same årsak kan gjestedøgn på kommunalt nivå synast lågare enn realiteten, då gjestedøgn for enkelte månader fell ut av statistikken.

Heldigvis fekk reisemålet ein relativt god sumarsesong, sjølv om dette naturlegvis har variert på bedriftsnivå. Månadane juli og august syner ein nedgong på 7,2%, og innan segmenta hotell og camping, er det ei lita auke i desse månadane, samanlikna med 2019-tal. Etter Stranda, var Lom kommunen med høgst andel ikkje-lokal kortbruk i fellesferien i landet, noko som gjev ein god indikasjon på aktiviteten. September-tala for Lom syner ei auke på 4%.

Nordmenn stod i 2020 for 93% av gjestedøgna i Lom, mot om lag 70% i eit normalår. Danskar stod for flest av dei internasjonale gjestedøgna, etterfulgt av Sverige og Tyskland.

Innovasjon Norge måler reiselivets verdiskaping innan bransjane overnatting, servering og aktivitet/kultur, og definerer verdiskaping som summen av lønnskostnader og driftsresultat (EBITDA). Verdiskapingstala vert rapportert etterskotsvis, og baserar seg på rekneskapstal. Verdiskapingstala i Lom gjekk ned med 9,3% frå 2018 til 2019, frå 85,9 millionar til 77,9 millionar.

Til samanlikning har Nord-Gudbrandsdalen som heilskap ein nedgong på 9,7%, frå 291 millionar til 263 millionar. Innlandet har ein nedgong på 5,5%, og Norge ein nedgong på 2,8%. Grunna pandemien har det vore ei betydeleg underrapportering på landsbasis. 2019-tala må av den grunn sjåast med ein viss skepsis.

Trendane viser framleis at aktivitetar og opplevingar er viktig for val av reisemål, og Jotunheimen er eit område som kan tilby eit mangfald av dette. Konkurransen både frå norske og internasjonale destinasjonar er stor, og vil ikkje verte mindre no når samfunnet opnar opp att litt etter litt. Det å vere godt synleg er avgjerande for å sikre stabil vekst og lønsemd. Dette krev at investering i marknadsinformasjon og utvikling av tilboda fortsett med auka styrke framover.

## 6: TURISTINFORMASJONEN I LOM

Turistinformasjonen i Lom opna i 2020 opp i nye lokaler på Nilsbue – midt i Lom sentrum. Det vil si at vi no har kontor i same lokale som turistinformasjonen, noko som gjer at vi er langt meir tilgjengeleg enn tidlegare. Turistinformasjonen var i 2020 ekstra bemanna med utvida opningstid frå slutten av juni til

byrjinga av september. Resten av året har dagleg leiar ansvar for førespurnadar til turistinformasjonen sin telefon og e-post.

Totalt har turistinformasjonen i 2020 hatt tre sommartilsette, i tillegg til dagleg leiar og fjellseljar. For sesongen 2020 er den **totale lønnskostnaden på turistinformasjonen kr 164 576,-** mot **219 907,- i 2019**. Nedgongen i lønnskostnaden skuldast i all hovudsak mindre behov for sesongtilsette grunna faste tilsette på kontor i same lokale.




*Frå opninga av nye turistinformasjonen på Nilsbue*

Turistinformasjonen registrerte i perioda juni – september **6 212 besøk.**

Registreringa av besøk i turistinformasjonen gjennom sesongen viser ein nedgong i talet på fysiske besøk frå år til år. 2016 var eit toppår med 21 098 besøkande. I 2017 var det registrert totalt 16 842 besøk – mot 14 156 i 2018 og 12 064 i 2019.

Det har vore ein kraftig nedgang i besøket i turistinformasjonen denne sesongen, noko som utan tvil har vore påverka av korona-pandemien og innreiseforbod for utlendingar. Men talet på besøk av nordmenn har naturleg nok gått opp. I juli i år hadde vi nesten 800 fleire nordmenn innom turistinformasjonen mot same periode året før.

Turistar, og kanskje spesielt nordmenn da vi generelt er tidleg ute med å ta i bruk ny teknologi, endrar måtane dei innhenter informasjon på. Vi som forbrukarar vert stadig meir digitale, og turistinformasjonen merkar ei stor auke i forespurnadar på mail og i digitale kanalar. I tillegg har vi ei enorm auke antal sidevisningar på nettsida vår på heile 70% meir enn i fjor! Dette syner viktigheita både av å ha god digital informasjon, og av å vere tilgjengeleg digitalt – ei rolle dei ansette i turistinformasjonen server svært bra i sommarsesongen, og som den daglege leiinga har ansvaret for resten av året.

Vi får stadig særs gode attendemeldingar frå turistane, som set pris på å treffe eit blidt andlet med god lokalkunnskap. Styret i Visit Jotunheimen konkluderer med at dette er ein viktig funksjon trass negativ utvikling i fysiske besøk, og ynskjer difor å behalde denne vertskapsfunksjonen framover.

På skjermane i turistinformasjonen har vi i 2020 vist annonser og bilete frå området, samt film (Jotunheimen-filmen frå 2019). Dette skal vi fortsette med og neste år. Selskapet planlegg i tillegg å starte med nettbasert annonsesal i 2021.

## 7: SAMARBEID

For å marknadsføre oss på best mogleg måte har det i 2020 vore viktig å ha eit godt samarbeid med andre destinasjons- og reisemålsselskap og andre aktuelle aktørar som har innverknad på gjestanes oppleving av reisemålet.

### VIKTIGE SAMARBEIDSPARTNARAR

Visit Jotunheimen sine viktigaste samarbeidspartnarar har i 2020 vore Lom kommune, Sparebank 1 Lom og Skjåk, Nasjonalparkriket Reiseliv, Visit Lillehammer, Visit Norway, nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og nettsideleverandøren Simpleview (tidl. NewMind Tellus). I tillegg har selskapet kontakt og løpande kommunikasjon med mellom anna Innlandstrafikk og JVB. Andre relevante aktørar er Den Norske Turistforening (DNT), Visit Sognefjord, Destinasjon Valdres og Destinasjon Geirangerfjord.

Det vart i 2018 påbegynt ein dialog mellom Visit Jotunheimen, Nasjonalparkriket Reiseliv og Visit Lillehammer, og selskapa signerte hausten 2020 ei intensjonsavtale. Føremålet med intensjonsavtalen er å søkje midlar for å utvikle ein overordna reiselivsstrategi for Gudbrandsdalen. Dette vil være ein strategi med eit langsiktig perspektiv, fram mot 2030. Strategiprosessen skal i tilfelle fylje Innovasjon Noregs handbok for reisemålsutvikling, kvar lokal forankring er noko av det som står i fokus. Fyrste steg i prosessen er å gjennomføre eit forstudie, som mellom anna skal avgjere grunnlaget for å gå vidare til fase 2 – utarbeiding av strategi. Oppstart for arbeidet vert truleg hausten 2021.

Eit overordna mål vil være å lage eit rammeverk for auka og berekraftig vekst i Gudbrandsdalens reiseliv. Gjennom prosessen skal dei tre selskapa også avklare om, og evt. korleis, vi skal samarbeide tettare kring Gudbrandsdalen som destinasjon. Styret i Visit Jotunheimen stiller seg positive til å sjå på moglegheitene for auka samarbeid.

### LOM NÆRINGSFORENING

Frå 2016 har handelsnæringa i Lom vore samla under Visit Jotunheimen AS. Visit Jotunheimen har vore ansvarleg for å koordinere ein del handelsstandsaktivitar og ulike arrangement for å skape meir aktivitet i Lom sentrum. Dette mellom anna den årlege «Lomsfest» i samarbeid med Lom kommune, konferansa «Kokken, bonden og reiselivet» i samarbeid med mellom anna Opplæringskontoret Brimi Kjøken, og diverse andre næringsarrangement.

Koronapandemien har diverre satt ein stoppar for slike arrangement i 2020, men vi ynskjer å kome sterkare attende når samfunnet tillet det att. Selskapet ser desse arrangementa som viktige tiltak både med tanke på å bidra til auka handelsaktivitet og for å tiltrekkje oss merksemnd frå folk utanfor kommunegrensa. Visit Jotunheimen ynskjer å vere ein bidragsytar for arrangement for lokalbefolkninga og medlemmane, som igjen gjev både trivsel og auka engasjement. Det er eit mål for selskapet at heile handelsstanden etter kvart skal bli medlemmar i Visit Jotunheimen.

## 8: STYRET

Visit Jotunheimen har årlege styreval om våren. I 2020 vart følgande styre valt under ordinær generalforsamling i selskapet, på Nordal turistsenter, tysdag 26.05.2020.

Visit Jotunheimen sitt styre består av sju medlammar og to varamedlemmar:

**Styreleiar:**
Øyvind Rusten på val i 2021 (1 år)

**Styremedlemmar:**

| | |
|---|---|
| Ola Lund | på val i 2021 (2 år) |
| Ove Nestvold | på val i 2021 (2 år) |
| Anne Wangen | på val i 2021 (2 år) |
| Arnt Rune Vole | på val i 2022 (2 år) |
| Jehans Bakke | på val i 2022 (2 år) |
| Ragnhild Sjurgard | på val i 2022 (2 år) |

**Varamedlemmar:**

| | |
|---|---|
| Ole Kristian Sveen | på val i 2021 (2 år) |
| Trond Dalsegg | på val i 2022 (2 år) |

### STYRET SITT ARBEID

Vi har lagt eit ekstraordinært år bak oss. Styret og dagleg leiar i Visit Jotunheimen har gjennomført totalt 17 styremøte i 2020, der fem av desse var ekstra møter for å handsame sakar og problemstillingar mellom ordinære styremøte. Det har i tillegg vore løpande dialog per e-post, telefon og Facebook (Messenger) knytt til planlegging og diskusjon kring sakar av mindre betydning. Eit tett samarbeid og god kommunikasjon både internt i styret og mellom administrasjonen og styret, er særs viktig for oss og sikrar god flyt i arbeidet.

